



## **LEKSEHJELP I GRUNNSKULEN I TIME**

Frå 01.08.2010 er kommunar pålagde å tilby leksehjelp til alle elevar på 1. – 4. trinn. Elevane skal ha eit tilbod på 8 veketimar i løpet av dei fire første åra i skulen, dvs i snitt 120 minutt pr. veke pr. klassesteg. Tilbodet er frivillig og gratis for brukarane, og går over 38 veker.

Tiltaket skal organiserast i nær tilknytning til det øvrige skulearbeidet, sjåast i samanheng med skulen sitt arbeid med å auka elevane sitt læringsutbytte, gje tidleg hjelp til dei som treng det, og innarbeida gode arbeidsvanar tidleg i skuleløpet.

Ei ordning med leksehjelp i regi av skulane endrar ikkje på foreldra sitt ansvar for barna sin skulegang og for leksearbeid. Elevane rekk neppe å gjera alt heimearbeidet i løpet av leksehjelpstida. Foreldra må difor rekna med at barna framleis skal gjera noko skulearbeid heime.

Rektor er leiar for leksehjelptiltaket ved skulen. Tiltaket kan organiserast innafor skulen utanom den ordinære undervisningstida, eller i regi av SFO. Leksehjelpa er gratis, og det kan ikkje krevjast foreldrebetaling for leksehjelpstida. Personalet vil vanlegvis vera fagarbeidar/assistent. Desse må ha politiattest.

Time kommune har ikkje fastsett kor mange elevar som kan vera i kvar leksehjelpsgruppe, men det er presisert frå Utdanningsdirektoratet at gruppestørleiken må vera pedagogisk og tryggleiksmessig forsvarleg. Rektor må difor gjera vurderingar på sin skule.

Leksehjelp er eit frivillig hjelpetiltak og ikkje skule. Det er difor ikkje rett til fri skyss etter leksehjelpstida. Skulane vert oppmoda om å finna gode løysingar slik at elevane som treng skyss også kan få leksehjelp.

Alle barneskulane i kommunen vil gje tilbod om leksehjelp. Det vil vera ulike løysingar på skulane. Kontakt eigen skule for meir informasjon om tilbodet.

Betalingsatsar og opphaldstider i SFO vert ikkje endra, men fleire foreldre vil nok kunna nytta lågaste timetal i SFO som følgje av tilbodet. Hausten 2010 vil fagstab Oppvekst ilag med skulane gjera ei evaluering av leksehjelpstilbodet med omsyn til kvalitet og organisering.